

# Styresak

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 27.10.2008  
 Sakhandsamar: Per Karlsen  
 Saka gjeld: **Nasjonalt prosjekt Enkeltoppgjer for pasienttransport – budsjett 2009**

Styresak 106/08 B

Styremøte 05.11. 2008

## Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt dei regionale helseføretaka i oppdrag å etablere ein heilskapleg organisering av oppgjer for pasienttransport for heile landet. Prosjekt Enkeltoppgjer skal sikre overføring av enkeltoppgjer for pasienttransport frå Arbeids- og velferdsetaten til dei regionale helseføretaka innan 1. januar 2010.

## Framtidig organisering

Helse- og omsorgsdepartementet har vedteke å etablere eit nasjonalt ANS som er eigd av dei regionale helseføretaka. Eit nasjonalt ANS tek seg av samordnings- og koordinerande funksjonar, samt fleire av dei transaksjonstunge sakshandsamingsoppgåvene. I tillegg vil ein etablere lokale og regionale funksjonar.

## Om budsjettet

Budsjettet er splitta på nasjonale og regionale kostnader. Budsjettet for 2009 for prosjektet består av fire ulike deler; prosjektgjennomføring, etablerings- og driftskostnader i 2009, IKT-kostnader som driftsføres i 2009 samt investeringskostnader.

Nasjonale kostnader er fordelt mellom regionane iht. til denne fordelingsnøkkelen:  
 Helse Sør-Aust 40 %, Helse Vest 20 %, Helse Midt 20 %, Helse Nord 20 %

## Oppsummering av driftskostnader 2009 for de regionale helseføretaka

	Sør-Øst	Vest	Midt-Norge	Nord	TOTAL
Prosjektgjennomføring	9 507	5 873	6 984	6 914	29 278
Drifts- og etableringskostnader	14 337	9 545	10 043	9 748	43 673
- hvorav estimerte pukkelkostnader	7 562	5 250	5 702	5 250	23 764
IKT - kostnader som resultatføres	1 384	692	692	692	3 461
<b>TOTALE DRIFTSKOSTNADER*</b>	<b>25 228</b>	<b>16 109</b>	<b>17 719</b>	<b>17 354</b>	<b>76 411</b>

\* Eks. leiekostnader Norsk Helsenett

Sjå vedlagte brev frå nasjonal prosjektleiar for meir detaljar om budsjett og organisering.

## Forslag til vedtak

1. Styret tek saka til orientering
2. Styret ber administrasjonen innarbeide kostnadane i budsjett 2009.